

# Karatesteinane



Det er viktig å ta vare på gamle stadnamn og ta dei i bruk. Men kva gjer ein når det ikkje er noko namn.

Jo, då lagar ein eit nytt namn.

Ved Sletthaug ligg det tre store steinar som ein gong har vore ei kjempestor steinblokk. Det har nok buldra godt då denne steinblokka ramla ned frå Åksla og vart kløyvd i tre nesten like store deler. Steinane ligg like ved vegen til Sletthaug. Det er underleg at dei ikkje har hatt eit namn.

Det måtte det gjerast noko med.

I sommar var det namnekonkurransse i samband med at Sletthaug var «kommune-nut» for Vats dette året. I alt 190 namneforslag låg det i kassen. Juryen fann at namnet **Karatesteinane** var det spenstigaste forslaget.



*Tenk deg at ei kjempe får eit raserianfall og går laus på den svære steinblokka. Og så med berre neven dalgar laus til steinblokka klovnar. Det svir nok i nevane, men resultatet er godt synleg den dag i dag, og vil vera det i lang tid framover.*

Det var Odd Frantsen som hadde kome på namnet. Han har fått ein fin tursekk av speidarane i Vats. Namneskiltet er alt kome på plass.